

**Røyserett for alle og Mona Vetrhus i kulturfestivalen**

21.12.2006



[Mona Vetrhus deltek i kulturfestivalen](#)

**Kvinnherad kulturfestival 2007 går av stabelen frå torsdag 8. til søndag 11. februar og frå Uskedalen vil både Røyserett for alle og Mona Vetrhus delta.**

Koret vil vera med i kyrkjekonserten på Husnes som avsluttar festivalen medan kulturstipendvinnar Mona skal lesa dikt søndag på Undarheim Gard. Også dei to andre kulturstipendvinnarane Camilla Fonneland og Kari Malmanger deltek i dette arrangementet.

Høgdepunktet under festivalen denne gongen blir litteraturseminaret i Dalheim i Omvikdalen laurdag der heimstaddiktaren Jens Tvedt sitt liv og diktning er temaet. Her skal mellom andre diktaren Einar Økland vera med.



Røysterett for alle deltek i kulturfestivalen.